

# Berekraftsrapport 2025 Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

## Generelle opplysningar

### 1. Grunnlag for utarbeiding (B1)

Denne rapporten er utarbeidd i samsvar med VSME standarden si grunnmodul og detaljmodul, og dekkjer verksemda sitt berekraftsarbeid for rapporteringsperioden. Ingen informasjon er utelate fordi den er vurdert som gradert eller sensitiv. Berekraftsrapporten er utarbeidd på individuell basis.

Vekselbanken er registrert som ASA og opererer innan NACE-kode 64190. I 2025 hadde verksemda ein balansesum på 7 027 111 000 kroner, salsinntekter på 414 119 000 kroner og per 31.12.2025 29 tilsette. Verksemda er sertifisert som Miljøfyrtårn.

Vekselbanken held til på fleire lokasjonar i Norge:

|             | Adresse           | Postnummer | By        | Land  | Koordinatar                              |
|-------------|-------------------|------------|-----------|-------|--|
| Hovudkontor | Vangsgata 24      | 5700       | Voss      | Norge | 60.62926250613562,<br>6.417725425082676  |
| Filial      | Lægreidsvegen 2   | 5783       | Eidfjord  | Norge | 60.465757404505254,<br>7.068036797199608 |
| Kontor      | Kinsarvikvegen 25 | 5780       | Kinsarvik | Norge | 60.37540774724732,<br>6.7187512971922505 |



## 2. Forretningsmodell og berekraft (C1)

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA tilbyr eit breitt spekter av finansielle produkt og tenester til privat- og bedriftsmarknaden. Hovudområda omfattar innskot, utlån, betalingsformidling, forsikring og investeringsprodukt. Banken tilbyr òg berekraftsrelaterte produkt som grønne lån og finansiering av energieffektiv oppgradering av bustader for å støtte kundane i overgangen til lågutsleppsløysingar.

Banken opererer primært i det norske marknaden, med hovudfokus på detaljbank (B2C) og tenester til små og mellomstore bedrifter (B2B). Kundetilbodet vert distribuert gjennom lokale filialar, digitale flater og kundesenter, med sterk forankring i lokalsamfunnet.

Banken si verdikjede inkluderer samarbeid med leverandørar innan IT, betalingsinfrastruktur, tryggingstenester, rådgjeving og bankdrift. Banken har om lag 250 leverandørar, der dei fleste er norske og europeiske. Eika Gruppen forvaltar dei fleste sentrale leverandøravtalane på vegner av bankane i alliansen, medan lokale avtalar vert forvalta direkte av banken. Leverandørane representerer sektorar som finansielle tenester, teknologi og tryggleik.

### Berekraft i strategi og styring

Berekraft er ein integrert del av banken sin overordna strategi og styringsmodell. Banken har etablert ein berekraftspolicy som, saman med andre styrande dokument, skal sikre ei heilskapleg innretning på berekraftsarbeidet. Banken er i prosess med å vidareutvikle eit heilskapleg styringssystem for berekraft, inkludert tydelegare roller, prosessar og rapportering.

Styret har det øvste ansvaret for berekraft og får jamleg rapportering om arbeid og utvikling innan området. Klimarisiko er integrert i eksisterande risikostyrings- og kontrollprosessar og inngår i kredittvurderingar og strategisk oppfølging.

Banken gjennomførte ein dobbel vesentlegheitsanalyse i 2024 og identifiserte følgjande vesentlege tema:

- Klima og miljøpåverknad
- Eigne tilsette og arbeidsmiljø
- Forbrukar- og kundevern
- God forretningsskikk og antikorrupsjon

Desse tema ligg til grunn for prioriteringar innan strategi, risikostyring og rapportering.

## 3. Rutinar, policyar og framtidssinitiativ (B2, C2)

Banken har innført fleire rutinar, policyar og initiativ for omstilling til ein meir berekraftig økonomi. Desse er skildra i tabellane under.

| Berekraftsrutinar/policyar/framtidsinitiativ for berekraftsforhold: | Er desse tilgjengelege for allmennheita? | Har rutinane/policyane/framtidsinitiativa nokon mål? |
|---|--|--|
| Klimaendringar  | JA                                       | NEI  |
|   |  | JA   |

|                                 |     |     |     |
|---------------------------------|-----|-----|-----|
| Biologisk mangfald og økosystem | NEI | NEI | NEI |
| Sirkulær økonomi                | NEI | NEI | NEI |
| Eigen arbeidsstyrke             | JA  | NEI | JA  |
| Berørte lokalsamfunn            | JA  | NEI | JA  |
| Forbrukarar og sluttbrukara     | JA  | NEI | NEI |
| God forretningsskikk            | JA  | NEI | NEI |

|                | <b>Rutine/policy/initiativ</b> | <b>Skildring</b>  | <b>Spesifiser måla som er satt og kven som evt er ansvarleg for å implementera måla</b>   |
|----------------|--------------------------------|---|---|
| Klimaendringar | Felles klimaambisjon           | Vekselbanken, som er ein del av Eika Alliansen, har ein ambisjon om netto null klimagassutslepp innan 2050. | <p>1. Vekselbanken skal etablere eit klimarekneskap som inkluderer direkte utslepp og vesentlege kategoriar av indirekte utslepp innan utgangen av 2025.</p> <p>2. Det skal setjast ytterlegare delmål i tråd med internasjonale og nasjonale forpliktingar, og det skal utarbeidast tiltaksplanar for å nå desse innan utgangen av 2026.</p> <p>3. Klimarekneskap, delmål og tiltak skal oppdaterast årleg for å reflektere ny klimaforskning og relevant utvikling.</p> <p>Ansvar: Styret og leiargruppe.</p>   |
| Klimaendringar | Policy for berekraft           | Policy for berekraft er godkjent av styret og vert revidert årleg   | <p>Vekselbanken har etablert ein berekraftspolicy som er godkjend av styret og vert revidert årleg. Policyen fastset prinsipp, krav og ansvarsforhold for berekraftsarbeidet, inkludert handtering av klimaendringar og klimarisiko i tråd med myndigheitskrav og Eika Alliansen sin klimaambisjon.</p> <p>Målet med policyen er å leggje grunnlaget for eit heilskapleg styringssystem for berekraft og sikre at berekraft vert integrert i bankens strategi, risikostyring, kredittprosessar, produkt og rapportering. Policyen dannar grunnlaget for tilhøyrande</p> |

|                                 |                                   |  |   |
|---------------------------------|-----------------------------------|--|---|
|                                 |                                   |  | retningslinjer, rutinar og tiltaksplanar som vert oppdaterte i takt med regulatoriske endringar og ny klimaforskning. |
| Biologisk mangfald og økosystem | NEI                               | NEI  | NEI   |
| Sirkulær økonomi                | NEI                               | NEI  | NEI   |
| Eigen arbeidsstyrke             | Etiske retningslinjer             | Vekselbanken har nulltoleranse for diskriminering og trakassering. Det finst etablerte rutinar for varsling og for handtering av slike forhold.  | NEI   |
| Eigen arbeidsstyrke             | Retningslinjer HMS                | Vekselbankens retningslinjer for HMS skal bidra til eit godt og sikkert arbeidsmiljø i banken.   | NEI   |
| Berørte lokalsamfunn            | Sponsorat                         | Kvart år sponsar Vekselbanken allmennyttige formål i frivillige organisasjonar, lag og foreiningar i bankens nedslagsfelt.   | NEI   |
| Forbrukarar og sluttbrukarar    | Berekraftmodul i kredittportal BM | Berekraftmodulen har som føremål å ivareta stadig aukande krav til vurdering av kunden si berekraftsrisiko i kredittarbeidet. Modulen synleggjer kor utsett kunden er for redusert inntening eller redusert verdi på tryggingssubjekt som følgje av til dømes klimaendringar eller endringar i reguleringar. | NEI   |
| Forbrukarar og sluttbrukarar    | Berekraft i rådgjevarsamtalen     | Rådgjevar gjennomfører ein oppstart- og sparrings-samtale rundt berekraft med både eksisterande og nye BM-kundar.  | NEI   |

|                         |  |  |     |
|-------------------------|--|--|-----|
| God<br>forretningsskikk | Aktsomheitsvurderingar<br>etter openheitslova. | Vekselbanken gjennomfører aktsomheitsvurderingar av leverandørar og forretningspartnarar basert på ei risikobasert tilnærming. Vurderingane vert gjort før inngåing av nye innkjøpsavtalar, ved revisjon av eksisterande avtalar og jamleg i avtaleforhold der det er vurdert nødvendig med tettare oppfølging. Eika Gruppen gjennomfører aktsomheitsvurderingar for innkjøp som er felles for bankane i Eika Alliansen. | NEI |
|-------------------------|--|--|-----|

## Miljø

### 1. Energi og klimagassutslepp (B3)

Verksemda har eit samla energiforbruk på 139,18 MWh. Dette er elektrisitetsforbruk på Vekselbanken sine 3 lokasjonar.

|                            | Fornybar (MWh) | Ikkje-fornybar (MWh) | Samla energiforbruk (MWh) |
|----------------------------|----------------|----------------------|---------------------------|
| Elektrisitetsforbruk (MWh) | 133            | 6                    | 139,182                   |
| <b>Sum</b>                 | <b>132,78</b>  | <b>6,40</b>          | <b>139,18</b>             |

Vekselbanken har et samla klimagassutslepp på 4188 tonn Co2-ekvivalenter.

| Klimagassutslepp (tCO2e)   | 2025   |
|--|--------|
| <b>Scope 1</b>   | 0      |
| <b>Scope 2 lokasjonsbasert metode</b>  | 1,7    |
| <b>Scope 3 (om vesentleg)</b>  | 4186,1 |
| 1. Innkjøpte varer og tenester   | 9,5    |
| 3. Drivstoff- og energirelaterte aktivitetar (ikkje inkludert i scope 1 eller 2) | 0      |
| 5. Avfall generert i drift   | 0,1    |
| 6. Forretningsreiser   | 1,25   |
| 7. Tilsette si pendling  | 12     |
| 15. Investeringar - Finansierte utslepp bustad                                   | 437,4  |
| 15. Investeringar - Finansierte utslepp næringsbygg                              | 95,047 |

|   |                   |
|---|-------------------|
| 15. Investeringar - Finansierte utslepp motoriserte køyretøy  | 0,2               |
| 15. Investeringar - Finansierte utslepp landbruk              | 3630,6            |
| <b>Totale utslepp (lokasjonsbasert)</b>                       | <b>4187,8</b>     |
| Scope 2 marknadsbasert metode                                 | 0                 |
| Scope 3 marknadsbasert metode finansierte utslepp bustad      | 16250,2           |
| Scope 3 marknadsbasert metode finansierte utslepp næringsbygg | 3592,8            |
| <b>Klimagassintensitet basert på omsetning</b>                | <b>0,001011 %</b> |

## 2. Klimagassreduksjon og omstilling (C3)

Vekselbanken har i 2025 og skal i 2026 jobba vidare med overgangsplan for klimagassreduksjon og omstilling. Oversikt over mål og tiltak finst i tabellen under.

| Mål for reduksjon klimagassutslepp:  | Målar 2030   | Basisår 2025 | Måleining | Liste over hovudtiltak for å nå måla   |
|--|--|--------------|-----------|--|
| Scope 1 utslepp  | 0  | 0            | Tonn CO2e |  |
| Scope 2 utslepp  | 2,3  | 2,3          | Tonn CO2e | Vekselbanken har all belysning i energieffektive LED belysning, me nyttar SD-anlegg for optimal styring av varme og kjøling.   |
| Scope 3 utslepp (om vesentleg)   |  | 4188         | Tonn CO2e | Vekselbanken har ikkje fastsett eit konkret mål for reduksjon av scope 3-utslepp i 2030. Banken vil utvikle delmål i tråd med Eika Alliansen si netto null-ambisjon for 2050 når vidare kartlegging og metodikk ligg føre. |
| Dersom verksemda ikkje har ein omstillingsplan, skal det angjevast om og i så fall når det vil bli vedteke ein slik omstillingsplan. | Vekselbanken opererer ikkje sjølv i bransjar med høg klimapåverknad, men er indirekte eksponert gjennom finansierte utslepp i utlånsportefølja. I tråd med Eika Alliansen sin klimaambisjon om netto null utslepp innan 2050 har banken beslutta å utarbeide ein dekarboniseringsplan. Planen skal beskrive mål, tiltak og verkemiddel for gradvis reduksjon av finansierte utslepp, med særleg vekt på energiforbetringar i bustadportefølja og ansvarleg kredittpraksis innan næringsseigedom. |              |           |  |

Dekarboniseringsplanen skal ferdigstillast i løpet av 2026/27 og vil deretter oppdaterast årleg basert på nye data og klimaforskning. Planen skal støtte opp om klimarekneskapet og bidra til å identifisere og redusere utslepp i tråd med regulatoriske forventningar og Parisavtalen.

### 3. Klimarisiko (C4)

Vekselbanken starta hausten 2025 arbeidet med å identifisere klimarelaterte farar og omstillingshendingar, samt vurdere korleis banken og verdikjeda er eksponert for desse. Banken deltek i eit prosjekt i regi av Eika Gruppen som skal sikre at Eika-bankane etterlever nye regulatoriske krav til ESG-risiko i samsvar med CRD6, CRR3 og EBA-retningslinjene for ESG-risiko innan fristen i januar 2027.

Leveransen omfattar utvikling av metodikk og malar for integrering av ESG-risiko i kapital- og risikostyring (ICAAP, ILAAP, Pilar 3 og risikostrategi). Prosjektet skal òg utvikle forslag til praktisk datainnsamling (inkludert bruk av proxydata), ESG-scenarioanalysar og proporsjonalitetsvurderingar tilpassa små og ikkje-komplekse bankar.

Vekselbanken har ikkje starta arbeidet med å identifisere potensielle negative effektar av klimarisiko, men planlegg å starte dette arbeidet i 2026.

## Sosiale indikatorar

### 1. Generelle eigenskapar og tilleggsopplysningar (B8 og C5)

Dei følgjande tala gjeld for 31.12.2025 dersom ikkje noka anna er opplyst.

Verksemda har ein arbeidsstyrke på 29 tilsette.

Dei tilsette er fordelt etter type kontrakt, kjønn og land i tabellen under (alle er tilsett i Norge):

|                              |   |
|------------------------------|---|
| <b>Type kontrakt:</b>        | <b>Tal tilsette (heiltidsekvivalentar eller tal tilsette)</b> |
| Midlertidig kontrakt         | 0   |
| Fast kontrakt                | 29  |
| <b>Totalt tilsette</b>       | <b>29</b>   |
| <b>Tilsette etter kjønn:</b> | <b>Tal tilsette (heiltidsekvivalentar eller tal tilsette)</b> |
| Menn                         | 11  |
| Kvinner                      | 18  |

### 2. Helse og tryggleik (B9)

I 2025 var det ingen rapporterte tilfelle av arbeidsrelaterte ulykker og ingen dødsfall som følge av arbeidsrelaterte skader og arbeidsrelatert dårleg helse.

### 3. Godtgjersle, kollektive forhandlingar og opplæring (B10)

Andel tilsette omfatta av kollektivavtalar var 100%.

Vekselbanken hadde i gjennomsnitt 15 opplæringstimar per tilsett. Dette er basert på timar brukt på kurs gjennom Eika Skolen, som er Eika sin kursportal, i tillegg til nokon interne og eksterne kurs. Data er ikkje tilgjengelege oppdelt etter kjønn.

#### 4. **Menneskerettspolicyar og -prosessar og alvorlege negative menneskerettsbrot (C6 og C7)**

I tillegg til arbeidet med Openheitslova (sjå eigen publisert offentleggjering) har Vekselbanken etiske retningslinjer, personalhandbok, og HMS-handbok.

Følgjande områder er dekkja:

|   |  |
|---|--|
| Har føretaket etiske retningslinjer eller menneskerettighetspolicy for eigen arbeidsstyrke? | JA                                       |
| <b>Dersom JA, grei ut om fylgjande områder er dekkja</b>                                    |  |
| Diskriminering  | JA                                       |
| Annet (spesifiser)  | Ja, gåver og representasjon (korrupsjon) |
| Har føretaket ei ordning for klagebehandling for egen arbeidsstyrke?                        | JA                                       |

|  |     |
|--|-----|
| <b>Har det førekomme bekrefta hendingar i føretaket sin eigen arbeidsstyrke relatert til fylgjande områder under (JA/NEI)? Dersom JA, kan føretaket gje ein beskriving av kva tiltak som iverksette for å handtera hendingane:</b> |     |
| Diskriminering   | Nei |
| Anna (spesifiser)  | Nei |
| Dersom verksemda er kjent med bekrefta hendingar som involverar arbeidarar i verdikjeda, råka lokalsamfunn, forbrukarar og sluttbrukara, gje nærmare detaljar  | Nei |

## God forretningskikk

### 1. **Dommar og bøter for korrupsjon og bestikkingar (B11)**

Vekselbanken har ikkje hatt domfellingar og bøter for korrupsjon og bestikkingar i rapporteringsperioden.

### 2. **Kjønnsbalanse i styret (C9)**

Styret til Vekselbanken hadde en kjønnsbalanse på 0,6 (3 kvinnelege styremedlemmar /2 mannlege).